



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
11.11.2016
Dykkar dato
28.09.2016

Vår referanse
2016/12616 421.4
Dykkar referanse

Ard arealplan
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Lindås - Gnr 137 Bnr 693 mfl - Detaljreguleringsplan for Stølsmarka - Uttale til oppstart av planarbeid

Vi viser til brev av 28.09.2016 med uttalefrist 12.11.2016. Saka gjeld melding om oppstart av detaljreguleringsplan for Stølsmarka, gnr. 137 bnr. 693 mfl. i Lindås kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei utviding av skulen, samt å sikre eit grøntområde.

Planområdet er i Kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007-2019 sett av til framtidig bustadområde, allmennyttig føremål og næringsverksemd.

Vurdering

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan, og at det ikkje er i strid med nasjonale føresetnader for arealpolitikken innanfor ansvarsområda våre.

Vi er positive til at det vert sett i gang detaljregulering av skuleområdet, og finn det tenleg at grøntarealet vert opparbeidd som eit uteområde med blanding av leikeareal og urørt natur. Grøntarealet bør kunne bli ein kvalitet også for eksisterande, tilgrensande bustadområde. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl. § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Nokre få utvalde omsyn er framheva i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova, slik som omsynet til barn og unge sine interesser, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging § 5 stiller krav til fysisk utforming av leikeareal, mellom anna at slike areal skal vere sikra mot ureining, støy trafikkfare og anna helsefare. Vi rår til at føresagnene stiller tydelege krav om utforming og opparbeiding av grøntområdet. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. §§ 9 og 10 stiller krav om at planlegginga skal dekke ulike behov for aktivitet, og at utforminga skal dekke funksjonshemma sine behov.

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl. § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeidning av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. For dette planarbeidet vil trafikktryggleik for barn i skulen og barnehagen vere eit

viklig tema. Kommunen skal sørge for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikke fører til døde eller hardt skadde.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

På nettsida www.miljokommune kan ein hente nyttige tips til planlegging. Vi rår elles til å ta i bruk rettleiaren til Sosial- og helsedirektoratet, *IS-1130 Skolens utearealer*, av 2003 i den vidare planprosessen.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
Statens Vegvesen, Region Vest
Lindås kommune

Postboks 7900	5020	BERGEN
Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ